

Styringsdokument 2006

Helse Vest IKT AS

1. INNLEIING	3
2. RESSURSGRUNNLAG OG RESULTATKRAV	3
Endring av finansieringsmodell frå 2006.....	3
Forventa samordningsgevinstar over ein 5-års periode	3
Balansekrav	4
3. STYRINGSBODSKAP KNYTT TIL ANSVARSOMRÅDET FOR HELSE VEST	
IKT AS	4
Leveransar	4
Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring.....	5
Kvalitet og utvikling.....	5
Strategiske tiltak	5
Organisasjonsutvikling	5
4. RAPPORTERING	6

1. INNLEIING

Helse Vest RHF sine oppgåver er hovudsakleg knytt til to ansvarsposisjonar og roller:

- ”Sørgje for” ansvaret, jf § 2-1a i spesialisthelsetenestelova der det regionale helseføretaket er pålagt ansvaret for å sørgje for at innbyggjarane i helseregionen får nødvendige spesialisthelsetenester.
- Eigar av helseføretaka som er hovudleverandør av helseteneste, og konsernleiing

I ”sørgje for” ansvaret ligg det eit ansvar for å definere behovet for tenester i helseregionen, utforme ”bestilling” av tenester hos eigne helseføretak og private tenesteleverandørar og stille krav til tenestene både når det gjeld kvalitet og service.

Eigaransvaret blir nytta til å oppfylle og understøtte ”sørgje for” ansvaret, dvs å sette helseføretaka i stand til å ivareta oppgåvene på ein forsvarleg måte, dimensjonere og fordele funksjonar, samordne på tvers av helseføretaka, sikre effektiv ressursutnytting og systematisk nyttiggjere styringsinformasjon til å utvikle tenestetilbodet.

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Helse Vest IKT AS leverer tenester og system som er kritiske for verksemda til helseføretaka, og har derfor ei særskilt oppgåve i å understøtte helseføretaka ved leveransane sine. Ein viser elles til vedtektene og forretningsplanen for selskapet.

I styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS inngår både bestilling av tenester og eigarkrav.

2. RESSURSGRUNNLAG OG RESULTATKRAV

Endring av finansieringsmodell frå 2006

Frå og med 2006 skal finansieringa av selskapet baserast på ein prismodell med samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- i løpet av 2006 vidareføre arbeidet med ein prismodell som gir betre samanheng mellom aktivitet og kostnader i helseføretaka

Forventa samordningsgevinstar over ein 5-års periode

Forventa samordningsgevinstar som ligg til grunn for etableringa av selskapet er beskrive i forretningsplanen kap. 8.1 og budsjettet for 2006 (styresak 05/06).

Samordningsgevinstane må kalkulerast ved å identifisere differansen mellom kostnadene som kjem gjennom Helse Vest IKT AS og dei kostnadene som ein ville ha hatt ved den tidlegare organisering av IKT-funksjonen for føretaksgruppa. Denne differansen synleggjer brutto

innsparing slik OMNI-prosjektet (omstilling til ny IKT-organisering) har lagt opp til. Det er såleis viktig å understreke at samordningsgevinstane ikkje nødvendigvis vil gjenspeglast direkte i rekneskapen for Helse Vest IKT AS.

Helse Vest IKT AS skal:

- gjere samordningsvinstane synleg ved å halde oversikt over både kostnadsreduksjonar og endringar i tenesteomfang og tenestekvalitet.

Balansekrav

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for kostnadsrett prising av sine tenester, og bidra til samordningsgevinstar

Krav til resultat for 2006 blir satt til 0 kroner, eller betre.

3. STYRINGSBODSKAP KNYTT TIL ANSVARSOMRÅDET FOR HELSE VEST IKT AS

Helse Vest RHF har etablert Helse Vest IKT som ein strategisk part for utvikling og innføring av IKT-løysingar. Helse Vest IKT skal vere ein tenesteytar for ytterlegare samordning av verksemda i helseføretaksgruppa, dokumentasjon av pasienthandsaming og resultat, gje støtte til beslutningar og vidareutvikling av organisasjonen.

Leveransane frå Helse Vest IKT skal gje oppleving av auka kvalitet, auka effektivitet, auka kompetanse og betra sikkerheit.

Leveransar

Helse Vest IKT AS skal ha som overordna mål å:

- bidra til betre pasientbehandling gjennom ei samordning og integrasjon av system og løysningar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløp lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- sørge for heilskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Den felles tenesteavtalen som er utarbeida for 2006 skal vidareutviklast i samarbeid med helseføretaka/kundane gjennom den erfaringa ein vinn ved avtalt levering, oppfølging og rapportering.
- vidareutvikle arbeidet med innføring av ITIL (IT infrastructure library - internasjonal standard) som eit verkemiddel til å utvikle og iverksette gode og effektive arbeidsprosessar i eige selskap
- sørge for stabil drift, forvalte og vidareutvikle IKT-systema og -tenestene effektivt, slik at helseføretaka vil bruke systema til å forbetre og effektivisere sine tenester til pasienten.
- sørge for å optimalisere ressursbruken ved å standardisere og forbetre PC-tenester, utstyr og infrastruktur, ved å samordne og forenkle systemarkitektur og systemportefølje og ved å utveksle og gjenbruke erfaringar og innføringskompetanse.

- utvikle, marknadsføre og presentere nye løysningar som kan effektivisere prosessar i helseføretaka. Helse Vest IKT skal være proaktiv med tanke på å ta i bruk nye teknologiar og løysningar.
- Helse Vest IKT AS skal sørge for å utnytte summen av tilsette til å auke breidda i kompetansen, auke individuell spisskompetanse og redusere sårbarheita gjennom overlappende kompetanse.

Forholdet mellom aktørar - rolleavklaring

I løpet av 2006 skal det arbeidast vidare med utvikling og avklaringar av forholdet mellom Helse Vest RHF som premissgivar, helseføretaka som bestillar, og Helse Vest IKT AS som leverandør.

Helse Vest IKT AS skal:

- i samarbeid med Helse Vest RHF og helseføretaka bidra aktivt til betre forståinga av roller og korleis dei enkelte aktørane kan samspele godt
- bidra til betre samarbeidsrelasjonar gjennom direkte kontakt med helseføretaka og ved å bidra til å utvikle IKT Samarbeidsfora
- i løpet av 2006 vidareutvikle prismodellen i samarbeid med helseføretaka til å bli meir aktivitetsbasert

Kvalitet og utvikling

Det er ein føresetnad at det blir arbeidd kontinuerlig med kunnskapsutvikling og kvalitet, og at nasjonale og regionale tiltak som understøttar dette blir følgt opp.

Helse Vest IKT AS skal ha fokus på å:

- utvikle og etablere kvalitetsindikatorar i samarbeid med Helse Vest RHF. Målingar skal utførast regelmessig.
- utvikle ein strategi for risikovurdering, sårbarheit og risikohandtering i løpet av 2006
- ha ansvar for sekretariatsfunksjon for Nasjonal IKT
- overføre til Norsk Helsenett det regionale nettet i Helse Vest og bidra i det nasjonale samordningsarbeidet
- kontinuerlig arbeide med kompetanseutvikling

Strategiske tiltak

Helse Vest IKT AS skal i løpet av 2006 arbeide med følgjande strategiske tiltak:

- bidra som ein aktiv part med revidering av overordna IKT strategi for regionen
- bidra til vidareutvikling av heilskapleg styringsinformasjon som eit godt leiingsverktøy
- bidra i arbeidet med felles regionalt PAS/EPJ
- arbeide med trådlaus samhandling innanfor radiologien
- delta i øvrige felles prosjekt som blir vedtekne gjennomført i 2006

Organisasjonsutvikling

- Leining:

Utvikling av eit godt leiarskap på alle plan må framleis vere eit fokusert område. Det er ein føresetnad at Helse Vest IKT AS inkluderer eit regionalt fokus i sine lokale leiarprogram og inkluderer Helse Vest RHF som ein naturleg bidragsytar.

- **Kommunikasjon:**
Helse Vest IKT må arbeide for å oppnå tillit og legitimitet. Tidleg dialog med helseføretaka er viktig for å oppnå forankring av tiltak og avgjerder – og for å sikre kontinuerleg drift i helseføretaka.
Styremøta skal vere opne for presse og publikum.
- **Juridisk rammeverk og arbeid med internkontroll:**
All verksemd skal planleggast og drivast innanfor gjeldande lover og reglar. Plikta til internkontroll inneber at alle ledd i organisasjonen skal kjenne til relevante lovkrav.

Det må liggje føre god dokumentasjon på internkontroll.
- **Grøn stat:**
Det skal vere miljøleing som ein integrert del av styringssystema i organisasjonen. På www.odin.dep.no/md/gronnstat/ er det samla rettleiing og erfaringsmateriale.
- **Innkjøp av varer og tenester:**
Helse Vest IKT AS skal delta i og bidra til utvikling av det regionale innkjøpssamarbeidet i Helse Vest og arbeide aktivt og målretta med innkjøpsorganiseringa med sikte på å få bukt med direktekjøp som ikkje er i samsvar med regelverk og innkjøpsavtalar som er inngått.

4. RAPPORTERING

Månadsrapportering

Det skal som hovudregel rapporterast innan den 15. i kvar måned på økonomi og aktivitet.

Tertialrapportering

Helse Vest IKT AS skal rapportere på kvalitetsindikatorar kvart tertial. Frist for rapporteringa er den 15. i den påfølgande månaden.

Årleg melding

Helse Vest IKT AS skal i årleg melding rapportere på oppfølging av styringsdokumentet frå Helse Vest RHF.

Årsrekneskapen

Helseføretaksgruppa skal sende inn rekneskap i medhald av reglane rekneskapslova. Det vil bli satt eigne fristar for gjennomføringa av årsoppgjeret for 2006.

Vedlegg Prosjektliste 2006

<i>Strategi og styring</i>	Heilskapleg styringsinformasjon inkludert dataverehus og kuber
	OK 2007 – nytt nasjonalt organisasjonskodeverk
	Revidering av overordna føretaksplan – langtidsplan
<i>Helsefaglege prosjekt</i>	Gjennomgang av rehabiliteringsfeltet
	Kvalitetsarbeid i Helse Vest (fag)
	Psykatri og rus – strategiske tiltak
	Spesialisthelseteneste for eldre
	Funksjonsfordeling mellom Haukeland og Haraldsplass
	Kvalitetssikring av utbyggingsprosjekt
	Telemedisin
	<i>IKT prosjekt innan helsefag:</i>
	Teleradiologi
	Elektronisk pasientjournal – EPJ
	Innføring av fødesystem
	Anskaffing og innføring av intensivsystem
	Elektronisk bestilling av legemiddel
	Anskaffing av EKG-database
	System for metodedokumentasjon for laboratorium
	Felles rekvirentregister (FR)
<i>HR</i>	MOT prosjektet – ressurs, HR/personal, løn, HMS
	Forprosjekt IKT kompetansestyring
<i>Administrasjon og leiing</i>	Internkontroll
	Miljøleiing (Grøn stat)
	ENØK tiltak – Enova

	<i>IKT prosjekt innan administrasjon og leing:</i>
	Innføring av Sak/Arkiv system
	Anskaffing og innføring av avvikssystem
	Anskaffing og innføring av system for styrande dokumentasjon
<i>Kommunikasjon</i>	Prosjekt felles internett
<i>Innkjøp</i>	Innføring av e-handel og elektronisk marknads plass
	Måleverktøy for elektroniske innkjøpsprosedyrar
	Kontraktadministrasjon – standardisering samt integrering mot Sak/Arkiv
<i>Økonomi</i>	Vidareutvikling av økonomihandbok
	Vidareutvikling av inntektsmodell
	Overtaking av RTV funksjonar
	Vurdere samordning av stabs og støttefunksjonar
	<i>IKT prosjekt innan økonomi:</i>
	Integrasjon mellom e-handel og fakturasystem
	Oracle Financial – vidareutvikling
	SIM/ProfitBase – vidareutvikling
	DRG-koding
	Kostnad pr. pasient – KPP
	Vidareutvikling av investeringsregime – (prosess og IT)
<i>Teknologi</i>	Felles IKT infrastruktur i Helse Vest (8 delprosjekt)
<i>Nasjonale prosjekt</i>	Sjuketransport – ny nasjonal IKT løysing
	Nytt digitalt nødnett
	Landsverneplanen for statens kulturhistoriske eigedomar

